



Lars Monsen er hekta på bjørn og det å vera i Bjørneland, i dei tre meste bjørnerike områda i verda.

Eit fullsett amfi i Aktivitetshuset fekk vera med inn i den verda Lars Monsen lever i med friluftsliv, ekspedisjonar, hundeløp, TV innspelningar og mange døger i villmarka i Bjørneland. Lars Monsen kan syna til eit langt liv i villmarka, mykje åleine, men også saman i grupper. Alle turane er godt førebudde og det handlar om å stola på seg sjølv, ha klare mål og vera audmjuk for lokal kultur og identitet.

Monsen er hekta på bjørn og han har røynsle frå dei tre mest bjørnerike områda i verda, mellom anna i Alaska og Canada. Bjørn er eit villdyr Lars Monsen snakkar til og med. Han brukar snublebluss som sikring, men også møllkuler. Med dette luktar bjørnen menneske og trekkjer seg ut av område. Han har stor respekt for lokale skikkar og kultur. Dette gjeld t.d. i møte hans med inuitkulturen. Marginane er ofte små og inuitane gav han gode råd for korleis ein skulle overleva i isen med mykje bjørn.

TV prosjektet **Ingen grenser** er gjennomført to gonger. Av 700 interesserte funksjonshemma personar vert 11 utvalde til å vera med på innspelninga. I ekstreme situasjonar set han saman personar med ulike eigenskapar. Lars Monsen er bevisst på å sjå alle på ei og same tid og ved å gjera kvarandre gode, vert det framelska mykje energi.

Produsenten er viktig og på Snøhettarturen i 30 dagar nådde alle dei 11 påmelde toppen. Programmet hadde 1,2 millionar sjåarar.

Villspor med Anne Rimmen er ei anna vellukka innspeling. Det same er programmet **Monsen, Monsen og Matti** der ein legg vekt på fiske og gode opplevingar på turen.

Hundeløpa er ein viktig del av Lars Monsen sitt liv, mellom anna i Alaska, 1600 km og 10 døger åleine med hundane, ofte i ekstrem kulde. Dei mange frammøtte fekk også høyra om Lars Monsen i Helge Ingstad sine fotspor. Av Ingstad har han lært at det er viktig å skriva og fortelja frå turane og opplevingane.

Føredraget til Lars Monsen avslutta eit vellukka næringsseminar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal